



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 16.10.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 147/18
Heidi Istad	Planleggar, OS 140/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar, OS 140/18
Lene Nupen	Ass. oppvekstsjef OS 139/18
Siri Birkeland Solheim	Prosjektleder OS 139/18

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 149/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 150/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 147/18	Skiltplan Volda sentrum
OS 140/18	Orienteringssak: Kommuneplanen sin arealdel
PS 155/18	Øvre Rotset Næringsområde - planavklaring vedr. detaljhandel, planid 2012008



VOLDA KOMMUNE

- PS 151/18 **Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø - høyring av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid**
- PS 152/18 **Symfoniorkesteret ved Høgskulen - Søknad om konserttilskot**
- PS 153/18 **Orienteringssaker**
- OS 148/18 **Aksjon for nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus**
- OS 139/18 **Moglegheitsstudie for Volda ungdomsskule - orientering om status**
- OS 142/18 **Notat om rekruttering av planleggjar og byggeleiar**
- OS 143/18 **Samfunnshuset – amfi**
- OS 144/18 **Nyheter fra Helseplattformen - statsbudsjettet 2019**
- OS 145/18 **Kartlegging ungdomsklubb- ungdomsarbeid**
- OS 146/18 **Informasjon om Arena Sunnmøre 22.11.2018**
- OS 149/18 **Søre Sunnmøre Tingrett og Sunnmøre jordskifterett**
- PS 154/18 **Referatsaker**
- RS 4/18 **Vedtak i Ørsta kommune - Etablering av utviklingsforum for Ålesund lufthamn - invitasjon til deltaking i aksjeselskap**

PS 149/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Ordføraren informerte om at teknisk sjef vil orientere om skiltplan for Volda sentrum innleiingsvis i møtet, deretter vil ein handsame plansakene OS 140/18, PS 155/18 og PS 151/18. Orienteringssak OS 141/18, Øvre Rotset Næringsområde – planavklaring vedr. detaljhandel, planid 2012008, vert endra til politisk sak PS 155/18.



VOLDA KOMMUNE

Odd A. Folkestad kom med framlegg om å sette lokalisering av Søre Sunnmøre tingrett og Sunnmøre jordskifterett på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endring og tillegg frå ordføraren og Odd A. Folkestad, vart samrøystes godkjent.

PS 150/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte 02.10.2018 vart samrøystes godkjent.

OS 147/18 Skiltplan Volda sentrum

Handsaming:

Teknisk sjef, Rune Totland, orienterte om status for skiltplan for Volda sentrum. Teknisk sektor arbeider med saka, men har ikkje hatt ressursar til å ferdigstille arbeidet. Formannskapet drøfta saka, og var samde om å sende saka til forvaltningsutvalet for vidare handsaming. Ordføraren fekk fullmakt til å kontakte Volda næringsforum for å få innspel til den vidare prosessen.

OS 140/18 Orienteringssak: Kommuneplanen sin arealdel

Planleggarane, Heidi Istad og Regine Solberg Aklestad, orienterte om kommuneplanen sin arealdel. Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til vidare arbeid.

PS 155/18 Øvre Rotset Næringsområde - planavklaring vedr. detaljhandel, planid 2012008

Handsaming:

Saka fekk endra status frå orienteringssak til politisk sak.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Formannskapet viser til at reguleringsføresegnene for Øvre Rotset næringsområde ikkje er i samsvar med arealstrategiane i planprogrammet for arealdelen og strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Formannskapet ber om igangsetjing av ein prosess for endring av reguleringsføresegnene i gjeldande plan i samsvar med strategidokumentet for sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling.



Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018:

Formannskapet viser til at reguleringsføresegnene for Øvre Rotset næringsområde ikkje er i samsvar med arealstrategiane i planprogrammet for arealdelen og strategidokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling». Formannskapet ber om igangsetjing av ein prosess for endring av reguleringsføresegnene i gjeldande plan i samsvar med strategidokumentet for sentrumsstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling.

PS 151/18 Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø - høyring av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap vedtek å starte opp arbeidet med kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, jf. § 11-1 i plan- og bygningslova. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst 6 veker.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018

Volda formannskap vedtek å starte opp arbeidet med kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, jf. § 11-1 i plan- og bygningslova. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst 6 veker.

PS 152/18 Symfoniorkesteret ved Høgskulen - Søknad om konserttilskot

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Symfoniorkesteret får eingongstilskott på kr. 10.000. til konserten 27. og 28. oktober.

Ordføraren trekte framlegget sitt.

Formannskapet drøfta saka og var samde om å sende saka til handsaming i tenesteutval for oppvekst og kultur.

PS 153/18 Orienteringssaker

OS 148/18 Aksjon for nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus

Rådmannen informerte om skriv frå Synnøve Rekkedal Hill og Karen Høydal vedk. innsamling til nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus.

OS 139/18 Mogleighetsstudie for Volda ungdomsskule - orientering om status

Prosjektleiar ved eigedomsavdelinga, Siri Birkeland Solheim, og ass. oppvekstsjef, Lene Nupen, orienterte om mogleighetsstudie for Volda ungdomsskule.

OS 142/18 Notat om rekruttering av planleggjar og byggeleiar

OS 143/18 Samfunnshuset - amfi

OS 144/18 Nyheter fra Helseplattformen - statsbudsjettet 2019

OS 145/18 Kartlegging ungdomsklubb- ungdomsarbeid

OS 146/18 Informasjon om Arena Sunnmøre 22.11.2018



VOLDA KOMMUNE

OS 149/18 Søre Sunnmøre Tingrett og Sunnmøre jordskifterett

Odd A. Folkestad viste til Domstolsadministrasjonen sin prosess om framtidig domstolstruktur. Odd A. Folkestad bad om at kommunen sett saka på dagsorden og arbeider strategisk slik at ein får behalde tingretten og jordskifteretten i regionen. Rådmannen informerte om at administrasjonen arbeider med saka, og saka vert lagt fram til politisk handsaming i neste formannskapsmøte.

PS 154/18 Referatsaker

RS 4/18 Vedtak i Ørsta kommune - Etablering av utviklingsforum for Ålesund lufthamn - invitasjon til deltaking i aksjeselskap

Møtet slutt kl. 15:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
17.10.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent